



## SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske formannskap	04.04.2022	038/22

### **Søknad om omdisponering av NFFA 6 areal i Synesvikane - ny lokalitet for dyrking av makroalgar**

#### **Innstilling:**

Giske formannskap vedtar å behandle saka frå Nordi om flytting av akvakultur

installasjon FFFA6 i Synesvikane lenger vest, som søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel slik den ligg føre. Det er eit vilkår at gjeldande NFFA6 – areal blir tilbakeført til NFFF-areal dersom det blir vedtatt nytt NFFA-areal som omsøkt. Saka blir med det å sende ut på høyring.

#### **04.04.2022 Giske formannskap**

Innstillinga vart samråystes godkjend.

#### **F- 038/22 Vedtak:**

Giske formannskap vedtar å behandle saka frå Nordi om flytting av akvakultur installasjon FFFA6 i Synesvikane lenger vest, som søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel slik den ligg føre. Det er eit vilkår at gjeldande NFFA6 – areal blir tilbakeført til NFFF-areal dersom det blir vedtatt nytt NFFA-areal som omsøkt. Saka blir med det å sende ut på høyring.

#### **Vedlegg:**

Synesvikane - søknad om omdisponering av NFFFA6 areal - ny lokalitet for dyrking av makroalger

Olex kart Synesvikane - Arctic System

Synesvikane KU vurdering

Omdisponering søknad NFFFA 6

### **Saksutgreiing:**

Nordi v/Petter Marius Synnes søker omdisponering av NFFFA 6 areal i Synesvikane og vil flytte til ny lokalitet lenger vest. Ny lokalitet er i storleik planlagt til 660 daa som i Vikane, og det er lagt opp til same vilkår som ved eksisterande konsesjon, løyve 39017. Området vil følge dei same vilkåra som ved eksisterande konsesjon med akvakultur, dvs. akvakultur av sukkertare, butare, fingertare og havsalat.

Som bakgrunn for flytting til ny lokalitet er det vist til erfaringa i eksisterande akvakulturområde i Vikane og at området er for grunt og for lite bølgeutsatt for optimal produksjon. Eit moment som blir trekt fram er avrenning av tungmetall frå Ålesund Lufthavn Vigra, i Blindheimsvika er det påvist forureining med moderat/lav miljørisiko. Hovedårsaka til ønske om å flytte konsesjonsområdet er ein samarbeidsavtale med Arctic Seaweed.

### **Heimelsgrunnlaget**

Plan- og bygningslova § 19-2.

### **Økonomiske konsekvensar:**

Ingen kjende.

### **Vurdering:**

I føresegne til kommuneplanen sin arealdel er det ikkje sett krav om reguleringsplan for akvakulturområda.

Utlegging av nye formål i kommuneplanen sin arealdel, både på land og i sjø, skal normalt kome etter ein grundig kommuneplanprosess der ein ser på kva arealformål som er eigna og passar saman med andre formål og der ulike interesser og brukarar av områda får kome med sine innspel.

I denne saka er det søkt om ei omdisponering av gjeldande konsesjon der ein med bakgrunn i ulike grunnar ønskjer å flytte til eit område lenger vest. Kommunen er ikkje kjend med i kva grad gjeldande konsesjon er knytt til lokalisering. Omdisponering er å forstå som at eksisterande NFFFA6 blir tilbakeført til NFFF-område forutsatt at flytting blir vedtatt.

Dispensasjon er eit unntak frå hovudregelen i plan- og bygningslova (tbl), og kan berre nyttast i særskilte høve. Det er to føresetnader som må vere tilstades for at det skal vere grunnlag for ein dispensasjon. Omsynet bak føresegna det vert dispensert frå, eller omsyna

bak formålsføresegna i lova må ikkje verte vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å dispensere vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Det er ueitlig om det blir lagt opp til å styre oppdrettsnæringa gjennom dispensasjonar. Det vil undergrave kommuneplanen som styringsverktøy for arealutviklinga i kommunen, og kan skape presedens for liknande saker i framtida.

Planar og kunnskapsgrunnlag som legg premissar for sjøareala;

#### Kommuneplanens arealdel i sjø

Natur-, ferdsel-, fiske- og friluftsliv (NFFF-område). Desse områda er sett av til natur-, ferdsel-, fiske- og friluftsliv bruk. Akvakulturanlegg kan ikkje etablerast innanfor området. I NFFF-område som grensar til område for akvakultur kan forankring av akvakulturanlegg strekke seg inn i sone for NFFF, under føresetnad av at forankringa har tilstrekkeleg djupne, ned til 20 m under vassoverflata, er utan bøyemerking eller anna som kan vere til hinder for ferdsel.

#### Marine grunnkart

Kommunen har i dag tilgang til marine grunnkart. Dette kunnskapsgrunnlaget gir forvaltninga eit mykje betre grunnlag for å ta berkriftige val.

#### Marint vern Giske

Omsøkt nytt areal for akvakultur ligg innafor området for Marint vern Giske.

Akvaplan-niva har på oppdrag av fylkesmannen i Møre og Romsdal utarbeidd ein fagleg rapport; *Innspill til marin verneplan for området Giske (2020)*

Statsforvaltaren har lagt opp til høyring av planen i løpet av hausten 2022.

#### Plan for klima, areal og transport (PAKT)

PAKT er ein langsiktig strategiplan for berekraftig vekst i Ålesundregionen. Arealbruk og transport blir sett i samanheng, i eit klimaperspektiv med FN sine berekraftsmål som fundament.

#### Interkommunal arealplan i sjø for Ålesund, Giske og Sula

Administrasjonane i Region Ålesund-samarbeidet; Giske, Sula og Ålesund, har i samarbeid gjennomført forprosjektet for ein interkommunal sjøarealplan. Fokus har vore å få

oversikt over tidlegare og pågåande arbeid med arealplanlegging i sjø, kunnskapskjelder knytt til sjøarealet, oversikt over aktivitetar knytt til havrommet og etablere dialog med aktuelle samarbeidspartar. Kommunal planlegging er viktig for å sikre det langsigte arealbehovet til fiskeri- og havbruksnæringane samtidig som andre samfunns- og miljøinteresser blir ivaretakne. Det vert lagt til grunn at areal til ulike typar akvakultur, inkludert mobile anlegg, skal avklarast gjennom regionale og kommunale planar. Ein ser at samordna planlegging er hensiktsmessig, og kanskje også nødvendig, for å ivareta dei ulike interessene på ein forsvarleg måte.

Det er lagt opp til at kommunestyra i dei tre kommunane skal vedta oppstart av ein interkommunal arealplan i sjø før ferien 2022.

Marine grunntak kart gir god oversikt over ulike tema, her kan særskilt nemnast;

- Menneskeleg påvirkning

Avløpsanlegg på Synnes med utsleppspunkt rett ved planlagt nytt akvakulturanlegg.

- Næringsaktivitet

Rett sør for planlagt anlegg er det samanhengande område for fiskeri med passive reiskapar.

- Naturtypar

Botnen for lokaliteten er dekt av Sjøfjærbunn og Svampehage som er sårbare marine habitat.

I denne søknaden er det innforstått at eksisterande NFFFA6-areal blir tilbakeført til NFFF-areal forutsett at det blir vedtak om nytt NFFFA-areal som omsøkt.

Dette betyr at arealregnskapet ikkje vil endre seg.

Kommunedirektøren vil etter ei heilheitsvurdering tilrå for formannskapet å behandle saka som ein søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel i sjø slik den ligg føre, men med vilkår om at gjeldande NFFFA6-areal blir tilbakeført til NFFF-areal forutsatt at nytt NFFFA- areal blir vedtatt lenger vest.